



Lars Amund Vaage  
Syngja  
Forlaget Oktober

# Det er den draumen me ber på

Olav H. Hauge har skrive eit av dei mest populære dikta i Noreg i moderne tid. Diktet startar slik: «Det er den draumen me ber på, om at noko vedunderleg skal skje.» Av ein eller annan grunn kjem dette diktet til meg undervegs i lesinga av romanen *Syngja*. Lars Amund Vaage hadde stor suksess som forfatter i fjor, då han vann Brageprisen for denne romanen, der han frå ein far sitt perspektiv skriv om korleis det er å ha ei dotter med alvorleg autisme. Romanen byggjer på forfattern sine eigne røynsler med eit autistisk barn. Når romanen tek til, er den utviklingshemma dottera, G, blitt 34 år, og ho bur på institusjon. Forteljarstemma, faren til G, har flytta til ein annan kant av landet. Han har bestemt seg for å skrive ei bok om dottera si og reflekterer på same tid over kven han skriv boka om:

«Den eg skriv dette til kan ikkje lesa. Ho kan ikkje skriva, og ikkje snakka heller, endå om dei fremste fagfolka i landet har prøvd å læra henne dette i mange år. Det kom nokre ord, og ho tok dei i bruk, men så smuldra dei opp i munnen hennar.»

Så tek han oss tilbake i tid. Til ein ung mann som køyrer rutebuss i Hardanger. Mannen møter ei ung kvinne. Dei forelskar seg. Så blir dei med barn. Alt ligg til rette for lukka. Men så viser det seg at barnet ikkje utviklar seg slik det skal. Det har ei alvorleg funksjonshemming. Faren seier det denne måten:

«Det finst ei søge eg ikkje veit om eg kan stå inne for. Den søga går slik: G kom til oss, det vakre, fullkomne barnet, og vi gledde oss, det var lukka. Så viste det seg at ho var funksjonshemma, og då tapte me lukka. I staden kom sorga inn i heimen. Er det ikkje ei tung bør å leggje på eit stakkars funksjonshemma menneskje, som sanneleg har problem nok frå før,

at ho også er eit stort vonbrot for foreldra? Ei stor sorg kjem inn i livet til foreldra, eit lite barns fryktelege funksjonshemming?»

Romanen fortel så korleis det er å vere foreldre til G. Vi følger mor, far og barn gjennom oppveksten til G. Om korleis dei opplever helsevesenet, hjelpeapparatet.

«G blei henvist til PP-tenesta og så gjekk det slag i slag. (...) Ein dag gjekk med inn på PPT-kontoret, og det er som om me aldri kom oss heilt ut igjen. Det finst endå kontor der me blir nemnde. Det finst møte der me er samtaleemne. (...) Me er i det såkalla hjelpeapparatet. Me har blitt slusa gjennom barnehagar, skular og institusjonar. Me har vore på leirar og avlastningsheimar. Ikkje minst har vi vore på samarbeidsmøter og ansvarsgruppemøter.»

Det handlar om håp, resignasjon, fortvilning. Og til slutt aksept? Romanen gir etter mitt syn eit unikt og realistisk bilete av korleis det er å vere pårørande til eit sterkt funksjonshemma barn. Og det på ein svært vakker og rørande måte. Det vert ikkje lagt skjul på vonbrot og slit, men samtidig viser forfattern fram mennesket bak funksjonshemminga. I møtet med menneske som lir av autisme, så trur eg at dei fleste av oss kan kjenne oss temmeleg hjelpelause. Normal kommunikasjon, spesielt gjennom språk, strekkjer ikkje til. I *Syngja* viser forfattern fram for oss andre måtar å få kontakt på, til dømes gjennom musikk. Og han viser at det kan vere eit sterkt band mellom menneske, sjølv om ein ikkje har den språklege kontakten.

*Syngja* er i tillegg ein metalitterær roman. Den reflekterer over språket og skrifa i seg sjølv. Kan språket fange den som sjølv er utan språk? Dette skal ideelt sett vere skjønnlitteraturen sin misjon. Men er det mogleg? Og

kva med ho som aldri kan lese eller ta stilling til det som er skrive om ho, er det riktig å blottstille ho i ein roman? Men nokon må setje ord på korleis det er å leve med eit slikt barn, innvender forfattern. Og autistane er menneske som lever mellom oss, og dei må også få ei stemme.

Det metalitterære gir ein dimensjon til boka som løftar ho opp frå den reine forteljinga om foreldra med det autistiske barnet. Samtidig gir det autistiske barnet med sine spesielle utfordringar nettopp eit unikt utgangspunkt for å diskutere slike romanteoretiske problemstillingar. Ein kan ikkje fortelje utan håp, seier forteljarstemma i boka. Samtidig skildrar han håpet undervegs: håpet om at G skulle bli som alle andre, så at ho skulle bli nesten bra, så at ho skulle kome seg, til slutt at ho skulle lære litt. Han måtte gi opp det også.

«Eg gav det opp. Eg meinte eg innsåg problema hennar. Så trudde eg ho skulle leva godt, i tråd med sitt vesen, i nær kontakt med vener og familie. At ho skulle finna fred eller ei slags lukke. Eg veit ikkje om ho har funne det. Eg veit ikkje om ho kan greia slikt. Eg veit så lite om henne.»

Når eg las denne boka kjente eg på ein sterk nerve, at noko stod på spel. Kanskje er det det personlege høvet som forfattern har til stoffet, som gir denne effekten på lesaren? Kanskje er forfattern snublande nær noko sant, eller verkeleg? Den same kjensla får eg når eg les Olav H. Hauge sitt dikt. Dikt kan gjerne tolkast ulikt etter kven som les det, men dette diktet handlar for meg også om håp, ein lengsel etter kontakt, draumer om å verkeleg nå inn til eit anna menneske.

Lisbeth Homlong